



Nære eventyr - på tur der du bur

Kviteeid Turlag



VELKOMMEN PÅ TUR

Ti-topparen Kviteseid er eit samarbeid mellom Kviteseid Idrettsråd og Kviteseid Turlag.

2024 vil vere fyrste året vi arrangerar Ti-topparen Kviteseid. Registreringsperiode vil vere 01. april - 09. september.

Ti-Topparen vil vere eit tilbod til turinteresserte i alle aldre, og er meint som eit trimopplegg for trivsel og velvære. Ti-topparen er gratis for alle som ynskjer å delta, men du kan støtte oss med medlemskap i DNT Kviteseid Turlag, bli grasrotandelgjevar eller vippse.

Vi vil ha fokus på sporlaus ferdsl

Vi understrekar at allemannsrett til fri ferdsl i utmark forpliktar; vi har alle ei plikt til å ta vare på den naturen vi ferdast i. Når du er ute, er det viktig å ta vare på naturen og mangfaldet den representerer. Sporlaus ferdsl handlar om å ikkje etterlate seg meir enn sitt eige fotavtrykk i naturen. Ta omsyn til jordsmonn, myr, planter, dyr, fisk og fugl. Hugs at dersom du etterlater deg ting som ikkje høyrer heime i naturen, kan det skade både planter, dyr og menneske. Her er nokon hugsegelrar på korleis du kan ferdast sporlaust i naturen:

- Etterlat staden finare enn då du kom, ta med eige og andre sitt søppel.
- Dopapir/tørkepair: Er du på dagstur, tar du papiret med deg heim.
- Brenn bål berre når det er lov, og bruk helst gamle bålplassar. Ikkje brenn bål på svaberg.
- Ha hunden i band når det er bandtvang. Hundeposar skal alltid i restavfall.
- Lat steinar ligge i fred. Ikkje bygg vardar eller flytt på steinar. Nye vardar kan

villeie, og ein øydelegg urørd natur.

- Ta med deg heim alt du tok med deg på tur.
- Ikkje øydelegge stiar ved sykling i utmark (spesielt sårbart ved myr/fuktig mark).
- Ta omsyn til jakt og unngå å forstyrre og ferdast der det er jakt.

Informasjon om korleis ein deltek i Ti-topparen Kviteseid:

I oppstartsåret vil vi ha 10 ulike toppar fordelt på heile kommunen. Etter kvart vil vi kome med fleire nye toppar.

Premiering for 10 ulike toppar for vaksne, og 7 ulike toppar for born.

Du kan registrere turen din på skjemaet bak i brosjyra. Det er lagt ut brosjyrar på Joker, Straand Hotel og Handelslaget cafe i Vrådal, Kiwi og Kviteseid Bok og Papir i Kviteseid, Morgedal Hotel og Norsk Skieventyr i Morgedal. For å delta i konkurransen, må du fylle ut skjemaet og levere det innan 23. september til Kviteseid Bok og Papir. Her får du og premien.

Årets logo er laga av Sonja Bakken Braun, og er motivet på premien.

Kart og skildring av kvar topp finn du på nettsidene til Kviteseid Turlag og Kviteseid kommune, i UT-appen og informasjonsbrosjyra. Bruker du Ut-appen lager du ein brukarprofil, og kan i tillegg sjekke inn via Sjekk-Ut når du kjem til toppen.

Årets toppar:

1. Hægefjell
2. Roholtfjell
3. Venelifjell
4. Fagerliheii
5. Ånås
6. Næring
7. Brokefjell
8. Kongsbergdam
9. Ordalsåta
10. Kastedsalokotet

Fullstending skildring av turane finn du på UT.no

1. Hægefjell, 1020 moh.

Hægefjell ligg omtrent midt på grensa mellom Vrådalen i Kviteseid og Fjone i Nissedal. Køyr bomvegen til parkeringa på toppen av hyttefeltet ved Vrådalen Panorama skisenter. Der går turvegen, merkt med raudt, forbi Luktarhola, Sveigefjell, Brennstøynuten og Hægefjellskardet og opp til toppen av Hægefjell. Frå Hægefjell går du same stien tilbake til utgangspunktet. Det er òg mogleg å ta turen vidare ned til Nissedal og Fjone. Dette er ein middels krevjande tur med flott panoramautsikt.

2. Roholtfjell, 1005 moh.

Fjellet består av to smale fjellryggar i aust-vestleg retning, og er greie å gå på i tørt vêr. Turen til Roholtfjell er T-merka med grøne skilt. Du kan starte på to ulike stadar. I Vrådalen sentrum (Eidstod) eller på Heia. Turen er ca. 7,9 km frå sentrum og 5,2 km frå Heia. Desse stiane møtast på Stemmyr. Derifrå er det ein sti til toppen. På begge startstader er det avmerkt P-plass. Fyrste del av turstien går i opent lettgått terreng med furskogg til innunder foten av fjellet. Herifrå og opp til toppen av Austre Roholtfjell er det bratt stiging. I varden på toppen er det lagt ut namnebok.

3. Venelifjell, 905 moh.

Stiane er godt rydda og merka. Turen går fyrst over klopplagd myr for så å følgje sti på berglendt grunn fram til Venelittjørn. Frå Venelittjørn følger du stien vidare til toppen av fjellet, eit lite stykke med lett klyving. Husk å skrive deg inn i boka i postkassa ved varden på toppen. Køyr sørover frå Vrådalen på RV 41 til skilt: Veneli P 4,5 km. Bomveg.



4. Fagerliheii, 911 moh.

Merka sti opp til varden på Fagerliheii startar frå Passet/fjellskjæringa. Det står eit skilt ved vegen. Det er stiging heile turen, og det meste av stien går på flotte sva, som kan vere glatte i regnvêr. På toppen av Fagerliheii står det ein stor varde. Punktet ligger på kommunegrensa mellom Kviteseid og Drangedal. Frå Vrådalen og Kviteseid kjem ein nordfrå på riksveg 41 og tar av ved Steane på fylkesveg 38. Ca. 3,5 km til parkeringa langs vegen ved Kaldevatn rett før Passet/ fjellskjæringa. Frå Drangedal og Tørdal kjem ein austfrå på fylkesveg 38, passerar kommunegrensa og fjellskjæringa/Passet. Parkering langs vegen etter skjæringa.

5. Anås, 492 moh.

Eit landemerke i Fjågesund er den høge fjellveggen Hyvrenuten tilhøyrande fjellet Anås. Skiltet til Anås står ved hovudvegen (Rv 304), og det er parkering ved grendehuset. Etter byggefeltet går ein på fin graskledd traktorveg og sti. Det blir brattare fram til Jammerdalen. Det er laga ein steinsett sti (veg) på ein del av partiet fram til Hyvrenuten. Det er ca. 1,9 km til Hyvrenuten frå grendehuset. Fram til Anås er det småkupert terreng i skogen. Eit parti som kan bli noko blaut ved mykje regn. På Anås er det meir fjellparti, og god utsikt. Turen opp til Anås er på 2,9 km.



6. Næring, 776 moh

Næring ligg rett sør for Fjågesund, og har ei bratt nordside og ei noko slakare sørside, der turstien går til toppen. Turstien startar ved Knarrbua (539 moh), der det er parkeringsplass, og går seinare forbi den fråflytta plassen Solli. Når ein seinare møter enden av skogsbilvegen, held ein fram på relativt bratte traktorveggar, før ein på ny går over i ope skogsterreng mot toppen. Her får ein fin utsikt over delar av Telemarkskanalen og fjella rundt på alle kantar. Ein ser over til Anås, Vealøs og Jonsknuten. Telenor har antenneanlegg på toppen av Næring. Dette krev tilsyn, og derfor er det tidvis ATV-spor i terrenget langs fast trase.

Turen til Næring er på ca. 2,5 km og går i jamt stigande terreng, med slakare parti innimellom. Særmerkt for delar av området er relativt store hogstflater, som gjer at ein får vidt utsyn på turen mot toppen.

7. Brokefjell, Heststonuten, 1044 moh.

Turen til Brokefjell kan ein starte på fleire stader. Nokon alternativ er Kviteseidbyen eller ved legesenteret. Ein kan og starte turen frå Kvitsund gymnas, der det er P-plass. Turstiane møtast ved Løkvaet i Heivatnområdet, og går vidare som ein sti til toppen av Heststonuten. Turstinettet opnar og for kortare turar opp mot Heivatn, enten som varierte rundturar eller som fram og tilbake-turar. Fyrste delar av turane opp frå bygda går på grusveggar, nokre strekningar er traktorveggar, men det meste av stinettet er på skogsstiar i terrenget. Spesielt stiane før ein kjem til Løkvaet går for ein stor del i relativt blaut myrterreng. Stien frå Løkvaet og opp mot Heststonuten har jamn og tildels bratt stigning, særleg siste delen opp til toppen. Denne stien startar i skogsterreng, men går gradvis over i glissen heiskog, over fine svaberg og opp i opent fjellterreng.



8. Kongsbergdam

Kongsbergdammen er ei høgd like nord for Kviteseid sentrum. Start for turen: P-plass ved Rv. 41 (Uppsund). Løypa fylgjer traktorvegen frå kraftstasjonen, forbi Barhytta og kjem til ein liten dam, Kongsberg, som i si tid var bruka som drikkevasskjelde for delar av Kviteseid sentrum. Løypa er bratt fyrste delen, og du treng frå 30-45 min. på å gå opp. Flott utsiktsplass over Kviteseid og Sundkilen på toppen. Ca. 1,7 km. lang.

9. Ordalssåta, 1136 moh.

Ein fin tur i vakker natur og ikkje minst, kjempeutsikt frå Kviteseid kommune sitt nest høgaste fjell. Start for turen er ved Nystaulvatnet øvst i Ordal. Ved å fylgje E1 34 vestover frå Seljord eller austover frå Morgedal, kjem ein til Brunkeberg. Avkøyring frå E1 34 er ca. 1 km aust for Brunkeberg, same avkøyring som er skilta til Renovest og Haugerød og Nilsen. Frå Haugerød og Nilsen køyrer ein kommunal veg gjennom bygda Ordal (ca. 7,2 km.) Bomavgift. Fyrste kilometeren av løypa er langs ein traktorveg opp til Grønli. Turen går vidare på sti langs myrar og fjell. Ein må rekne med ein del blaute parti, spesielt ved mykje nedbør, så det er viktig med godt fottøy. Løypa er i overkant av 4 kilometer lang med ein høgdeforskjell på 518 meter.



10. Kastedalskotet


Kastedalskotet-Geitaråsen, 3 km og 230 høgdemeter. Ein kort topptur på historisk grunn. Kastedalskotet er Sondre Norheim si kjente uvyrdslåm. På toppen kan ein sitte i gapahuken og sjå utover den bratte låmi. Start for turen og parkering er i krysset kommunal veg (Morgedalsvegen) og E1 34 ved Moskei. Sidan det er ein rundtur kan ein gå begge vegar, men tilrådd retning er gå langs Morgedalsvegen ca. 900 m til krysset Kleiv/Bjålandgrendi. Ta til venstre og gå ca. 200 m til ein kjem til ein stor plass på venstre hand. Kryss denne plassen og følg merka sti opp til Geitaråsen 650 moh. På vegen opp passerer ein bl.a. Nordjorejåsen, og snur ein seg er det flott utsikt ut over Morgedal. På toppen fylgjer ein stien vidare fram til gapahuken og toppen av Kastedalskotet. Her kan ein fylgje merka sti ned att til startpunktet. Pass på at gjerdet er i like god stand etter du har passera det.





GOD TUR FRÅ KVITeseID TURLAG OG IDRETTSLAGA I KVITeseID!

Turkart for Kviteeid kan du kjøpe på ulike stadar i kommunen, eller ved å ta kontakt med Kviteeid Turlag.





REGISTRERINGSSKJEMA



DELTAKAR:

Telefonnummer:

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP

DATO

TOPP